



SUNNMØRE TINGRETT

NORGES DOMSTOLER

Sunnmøre tingrett

Jobbnorge-ID: 287956
Søknadsfrist: 14.10.2025
Nettside: <http://www.domstol.no/sunnmore>
Omfang: Heiltid
Varighet: Vikariat/mellombels

Om stillinga

Ved Sunnmøre tingrett er det ledig 1-2 konstitusjon(ar) som tingrettsdommar ved rettsstad Ålesund for 2-3 månadar med mogleg forlenging ved behov. Oppstart så snart som råd.

Konstitusjonen skal ha fast kontorstad i Ålesund, men det vil vere nødvendig med fleksibilitet i forhold til å ta saker for den andre rettsstaden.

Har du lyst til å jobbe på ein spennande arbeidsplass med ei viktig samfunnsoppgåve?

Konstitusjon som tingrettsdommar

Kvalifikasjonar

Søkarar må ha juridisk embetseksamen/universitetsgraden cand. jur eller master i rettsvitenskap. Søkarar må vere norske statsborgarar og det er nødvendig med fullstendig politiattest for den som vert konstituert.

Det er eit vilkår at søker har erfaring som dommarfullmektig/dommar. I tillegg til erfaring vil det også bli vektlagt når ein kan starte i stillinga.

Lønn

Stillinga vert for tida løna med kroner 1 421 600. Frå dette vert vanleg pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse trekt, for tida 2%.

Spørsmål om stillinga

Dersom du har spørsmål om stillinga og domstolen, kontakt kst. sorenskrivar Ruth-Lousie Osborg, telefon 99274154.

Du kan lese meir om domstolen på nettsida vår: <https://www.domstol.no/no/domstoler/tingrett/sunnmore-tingrett/>.

Generell informasjon om domstolane finn du på www.domstol.no.

Søknad med stadfesta attestar og vitnemål skal sendast Sunnmøre tingrett, pr. e-post: sunnmore.tingrett@domstol.no

Om oss

Sunnmøre tingrett er ein fullfagleg domstol som m.a. behandlar sivile tvistar, straffesaker, tvangs- og skiftesaker. Tingretten har rettsstadar både i Ålesund og i Volda. Rettskrinsen omfattar alle kommunane på Sunnmøre.

Tingretten vert leia av sorenskrivar, og har i tillegg 7 embetsdommarar, 2 dommerfullmektigar, administrasjonssjef og 14 sakshandsamarar. Vi legg vekt på eit godt arbeidsmiljø og eit godt og utviklingsorientert fagmiljø.

Tilleggsinformasjon

Arbeidsstad:

Skansekaia 2 6002 Ålesund (Ålesund Kommune)